



ÅRSMELDING 2009

Frivillisentralen i Sel vart stifta 1997 av Sel kirkelige fellestråd. Sel kommune overtok sentralen 01.01.2006.

Dagleg leiar:

fra samme dato: Kari Valderhaug Solberg

Styre:

Styret representerer Frivilligsentralen utad og har ansvaret for at leder driver sentralen etter de vedtektene kulturdepartementet har gitt.

Styret består av:

Karl Inge Henriksen, leiar

Eva Martinsen, sekretær

Arne Halvorsen, styremedlem og

Kari Valderhaug Solberg som dagleg leiar

Tilsette:

Kari Valderhaug Solberg er tilsett i 100% stilling og er ansvarleg for den daglege drifta.

Sentralen er knytt til kulturavdelinga lokalt og kulturdepartementet sentralt.

Kristin Hedlund er tilsett som reinhaldar 2,5 t pr veke.

Samarbeid med kulturavdelinga er svært godt og gjer at dagleg leiar har kollegaer og eit nettverk i kommunen, noko som er nødvendig for gjensidig info. bl.a. har vi mange felles oppgåver som t.d. kulturhuset, TV-aksjonen, den kulturelle spaserstokken, internasjonale arrangement natteravnane med meir. Eva Martinsen er til stor hjelp som Frivilligsentralen sin sekretær og kan også steppe inn som vikar.

Lokala:

Frivilligsentralen held til på EbenEzer i Müllersgate i Otta sentrum. Normisjon eig huset og Sel kommune leiger første etasje. Huset vert mykje brukt av ulike grupper og enkeltpersonar. Kjøkken, toalett, stue og storsal, samt at det er tilrettelagt for funksjonshemma, gjer lokalet attraktivt.

Aktivitetar i huset:

Måndag: Seniorkoret øver fra kl 11.00 – kl 13.00 med innlagt sosial kaffepause.
Linedansjentene kl 18.00- kl 21.00

Tirsdag: Seniordansen øver fra kl 11.00 – kl 14.00 med innlagt sosial kaffepause.
” Målarklubben fra kl 17.00 –kl 20.00 ” ” ”

Onsdag Eldretreffet fra kl 11.00 – kl 14.00. Strikking, film, lysbilder,m,m
Onsdag Internettkafé +50 kl 13.30 – kl 15.30 m/sos.samvær etterpå
Fibromyalgiforeningen er her på kveldstid.

Torsdag: Barnas dag på Frivilligsentralen. De har hele huset hele dagen.

Fredag: Fødselsdagsfeiring, teaterøving, og lignende Roleg dag.

Lørdag: Div. utleie på dagtid. Pinsemenigheter på kveldstid.

Søndag: Div. bruk på dagtid. Katolsk messe en søndag i mnd.

Totalt sett er huset brukt av alle aldersgrupper og folk trivst her Til og med rockekonsert har vi hatt – med huset fullt av publikum i alle aldersgrupper. Maleriutstilling, hobbyprodusentene har hatt salgsmesse, sanitetsforeningen basar, idrettslaget har brukt huset under Otta-Cup, m.m.

Andre aktivitetar:

Middagsutkøyring. Frivillige har tatt på seg jobben med å levere middag til alle som har behov for det. Dei henter middagane og liste over dei som skal ha mat, på Sel sjukeheim for dei som bor på Sjoa, Otta og Sel, på Heidalstun for dei som er knytta til Heidal. Sjøførane får km.godtgjering og vert bedt på dei årlege juleborda ved institusjonane som takk.

Følge til:

Sykehus, lege, tannlege, fotpleie m.m. Både Selsro og heimetenesta bruker dette tilbudet godt som dagleg. Dette vert sett pris på. Fornøgde brukarar seier at det er godt å ha med seg ein person til å hjelpe seg. Og aller helst vil dei ha att same person kvar gong.

Høglesing kvar fredag på Selsro, måndag på Heidalstun. Frivillige stiller opp og les for dei som vil høyre på.

Sjølv om departementet ønskjer at vi skal gå bort frå ein-til-ein hjelp, er det mange som har fått denne hjelpa i 2009. Ikkje alle har familie som kan stille opp å bere ved, flytte, slå plen, skifte lyspære, rydde snø og lignende. Med godt samarbeid mellom sentralen og **Lions**, er dette alltid ei enkel oppgåve. Dei har alltid stilt opp.

Venneforeningane for Selsro og Heidalstun er like aktive som forrige år. Kanskje enda tettere samarbeid no. Felles møter mellom foreningane ved institusjonane. Frivilligsentralen er representert i begge styra. Det gjer det enklare å informere einannan om arrangement og andre ting som bl.a.høgtlesingsgruppene, kva som fungere best for deltakarane. Brukarane er takksame for alt dei får vere med på, likeså medlemmane av desse foreningane.

Som leiar av Frivilligsentralen, har eg deltatt aktivt på stort sett alle arrangementa venneforeningane har gjennomført - også i planleggingfasa.

Den årlege festen for alle eldre i Sel, lagt til kulturhuset, er også eit arrangement eg aktivt deltek i, frå planleggingsfasa til gjennomføring. Samarbeid mellom Otta handelstand og frivillige, Lions og drosjene køyrer inn dei som treng skyss.

Eldredagen, som i 2009 vart lagt til Heidalshallen og eldretreffet på Jørundgard er eg og frivillige med på å planlegge og gjennomføre.

Den årlege haustturen for eldre i Sel vart i 2009 ei reise med full minibuss – over Skåbu, vidare Jotunheimvegen. Gjendesheim vart besøkt i det nydelige veret og middag på Besstrond, nyfiska aure, før vi drog heim til Otta.

Julebord for 20 eldre, heimebuande på Norlandia Otta Hotell.

Bussturen og julebordet er betalt av eige lotteri som eldretreffen har det økonomiske ansvaret for.

Internettkafe 50+

Sel kommune var imøtekommande og la til rette for internettkafe på Frivilligsentralen tidleg våren 2009. Etter den tid har svært mange eldre kjøpt sine egne berbare datamaskiner og har etter kvart blitt flinke brukarar. IKT-elevane frå 2. kl Otta vidaregåande skule har møtt opp på onsdagar og undervist/hjelp til med opplæring Dei har fått lære om E-post, bruke word, facebook, surfing, kjøpe billetter på nettet, Sel kommune si heimeside, legge inn bilder fra fotoapparat, redigere og sende bilder på E-post m.m. I feriane har dei frivillige vore lærarar og dette har vore og er framleis eit svært populært tilbud. DnB NOR, Sparebank1 og Nordea har dekt kostnadane ved innkjøp av Smartboard på Frivilligsentralen. Dette har vore eit flott hjelpemiddel til undervisning på internettkafeen. Bankane har vore der og undervist om nettbank og dei kjem att i 2010 for ny opplæring. Alder frå 50 til 92 år. Sosial kaffekos etterpå.

Mange stikk innom eller ringer etter hjelp når alt går i stå heime og frivillige stiller alltid opp og mange har blitt vener på privat plan i tillegg. Dette er i alle fall ein god omdømmeaktivitet for Sel kommune.

Ungdomsklubben hadde sine planleggingsmøter på Frivilligsentralen. Vi tilsette på kulturavdelinga + frivillige, skifta på å vere vakter på ungdomsklubbkveldane på kulturhuset. Dette var trivelege kveldar for både dei unge og oss tilsette, vi venta på ungdomsmedarbeidar som skulle overta.....men ein fast ungdomsgjeng driv kafeen på søndagar når det er kino. Dei har ansvar for innkjøp, salg, kasseoppgjør og rydding etter kinoen. Desse er spesielt flinke og dei får attest for jobben.

Julegaveinnsamling: Det vart sendt store mengder strikka sokker, gensere, luer, vottar og skjerf, såpe, vaskeklutar, tannkrem samt kontantar som Smurfen barnehage samla inn. Stordelen vart sendt med Jamm i Norge, men det kom også inn mange julepakkar til Ny start i øst.

Natteravn: Kvart år er leiar av sentralen innom foreldremøta i 8. kl på ungdomsskulane på Otta og i Heidal for å orientere om – og verve nye ravnar. Stort sett skriv alle foreldre seg på ravelista på Otta, færre i Heidal. Vi gjer vårt beste for at det er ravnar ute ved alle ungdomsarrangement i Sel. Det fungerer godt med Frivilligsentralen som base for ravnane. Der er det natteravnslær, utstyr, mat og drikke. Ravninga foregår i nær kontakt med politiet. Ordninga "Heim for ein 50-lapp" har fungert fint.

Den årlege TV-aksjonen vart også i år arrangert på Frivilligsentralen. I 2009 gjekk pengane til organisasjonen "Care" – problemfritt. Men det ligg ein del både for- og etterarbeid i samband med den årlege innsamlinga.

Røykesluttkurs og "Bra mat"-kurs i regi av Nasjonalforeninga.

Ting og tøybutikken er åpen 5 dagar i veka og går fortsatt godt. Der er det 20 faste frivillige i tillegg til 4 vikarar og vaktmester. Gode rutiner gjer meg nesten overflødig, men eg hjelp til med å skaffe nye folk når nokon sluttar. I tillegg lager vi julebord for Ting og tøy-personalet i dalen (60 personer), Ny start i øst betaler for dette arrangementet. Frivillige lager maten og kommunen sender regning. Pengane går inn på kulturhuskafeen sin konto.

Kulturhuskafeen:

Fylket leier kafeen frå hausten 2009, gjeld på dagtid kvardagar. På kveld og i helger er det frivilligsentralen som er ansvarleg for å halde kafeen open ved arrangement som teater, konsertar, GD-cup, bridgeturning, konfirmantar, eldrefest, kino, revyar m.m. Drifta tar

periodevis mykje av leiar si tid med planlegging, organisering, innkjøp, samt møter med de frivillige. Som takk for innsatsen får dei frivillige kome gratis inn på det arrangementet dei stiller opp for, i tillegg til ein felles middag der alle er samla. Den økonomiske nettoen blir brukt til å fornye kafeen med utstyr.

Fram til november 2009 vart kjellarlokala brukt til Rockeverksted for Otta sine rockeband. Etter at ein frivillig - Roger Bakås, kom inn i bildet, fekk desse orkestrane eit løft. Stor rockekonsert på sentralen under Tv-aksjonen med full rigg og fullt hus. Lyden vart dempa MYKJE på øvingene. Roger har gitt ungdommene utruleg mange timar av tida si, han har til og med tatt alle saman med til Oslo på rockekonsert med foreldreas samtykke. Han er streng, finn nokon på noko ureglementært, er dei ute av miljøet. Det vart stille på Frivilligsentralen da desse flytta til den ny Musikkbingen ved Ottahallen. Men dei bruker sentralen ved enkelte høve.

Kriminalomsorgen bruker fortsatt Frivilligsentralen. I 2009 sona 7 personar samfunnsstraffa si her. Desse personane er frå Lillehammer til Dovre og Lom, men dei fleste er frå Sel.

Arbeidstrening:

Giax og Nav bruker Frivilligsentralen til arbeidstrening med godt resultat. Fleire som treng arbeidstrening er innom i løpet av året, og desse får både praktiske oppgåver i tillegg til sosial trening.

Skuleklassar frå vidaregåande er innom for informasjon om kva Frivilligsentralen gjer for enkeltgrupper.

Helsestasjonen. Eg deltek saman med jordmor på barselgruppene to gonger i året der eg inviterer og informerer mødrene om Frivilligsentralen. Torsdagen er sett av til dei og dei er flinke til å nytte dette tilbodet. Dei kjem hit etter trilletur og har 2 timer med sosialt samver, mat og drikke.

Leiar har delteke på den årlege samlinga i regi av kulturdepartementet

Vårtur med nettverket over to dagar der vi besøkte Frivilligsentralane på Raufoss og Gran.

3 nettverksmøter

1 styremøte

I løpet av året er det også tilfeldige aktivitetar som m.a. busskøyning, kulturskulearrangement, vaksenopplæringa, svømmekurs for flyktingar, oppfriskingskurs for eldre bilførarar.

I 2008 hadde sentralen over 16500 frivillige timer og etter at internettkafeen starta, har nok dette timetallet auka betakteleg i 2009. Men nå er det slutt på å registrere timar iflg. Kulturdepartementet. Nå vil dei berre ha aktivitetane.....

Kari Solberg